



Prøvetaking av sild, kolmule, makrell, brisling, øyepål, tobis, hestmakrell, vassild/strømsild og lodde frå kommersielle fangstar til Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet tek kvart år hundrevis av prøver frå den kommersielle fangsten av våre viktigaste fiskeartar. Hovudføremålet med dette er å få gode data på den landa fangsten, med tanke på storleiksfordeling (lengde og vekt), kondisjon, kjønnsmodning og alder. Aldersfordelinga er særskild viktig, og saman med data på kvantum (tonn) fisk landa, som vi får frå Fiskeridirektoratet, bruker vi desse prøvane til å berekna kor mange individ av kvar årsklasse som vert fiska per år. Dette er den viktigaste parameteren i bestandsmodellane som vert brukt for å berekna kvoteråd for dei store bestandane.

Frå 1. januar 2018 starta vi opp med å bestilla fangstprøver av sild frå fiskeflåten ved hjelp av elektronisk fangstdagbok. Ordninga har seinare blitt utvida til fleire artar. Bruk av elektronisk fangstdagbok og loddrekning på enkeltfangstnivå for å «bestilla» fangstprøver er ein statistisk sett tilnærma optimal måte å gjera det på.

Frå 2021 blei ordninga utvida til å gjelde **sild, kolmule, makrell, brisling, øyepål, tobis, hestmakrell, vassild/strømsild og lodde**, og deltaking er gjort obligatorisk for alle med ERS gjennom forskrift. Dette gjelder både for fartøy og landanlegg

Ordninga er forklart meir i detalj på neste side, men kan for fiskaren sin del kort oppsummerast til:

1. **Send HIA** (avgangsmelding til HI): Ved avgang havn skal målart meldast inn på vanleg måte via ERS. Dersom målart er ein av artane nemnt ovanfor vil du bli bedt om å delta i fangstprøvelotteriet på denne turen.
2. **Sett til side ein prøve**: Sett til side ein liten prøve av målarten (ca 15 kg/ min 30 individ) frå kvart hal/kast (ta ikkje frå rommet). For dei minste artane er det nok med 1-2 kg eller ca 50 individ.
3. **Send HIF** (fangstmelding til HI) så fort som mogeleg etter at fangstkvantum er rusa, og vent på svar som vanlegvis kjem innan få minutt
4. **Dersom svaret er JA** (HI vil ha prøve): Merk prøven godt og frys den inn. Lever til **norsk** mottaksanlegg ved fyrste passende høve.
5. Send **HIL** for å bekrefte at prøven er teken, og kor den blir levert (kan vere forskjellig frå der fangsten blir levert). Meldinga skal **kun** sendes når prøven er levert til landanlegg.

Forvaltninga har gjort denne ordninga obligatorisk, og dette vil være eit felles løft for ei betre bestandsvurdering og kvoterådgiving. På neste side vert det forklart i litt meir detalj.

Spørsmål om ordninga kan sendast på e-post til «fangstprover@hi.no» (eventuelt til Håkon Otterå, tel 950 65 762). Sjå også www.hi.no/fangstprover

Prøvetaking:

- Vi ynskjer prøver frå enkeltfangstar (notkast, trålhal, ...) og ikkje frå fangst i rommet.
- Ein prøve er i denne samanhengen omtrent 15 kg, 2 kg for brisling, 1 kg for øyepål, tobis og lodde – eller ca 50 individ) som ein tek til side. Prøven kan oppbevarast i ein stamp e.l. inntil vidare. Vanlegvis vil vi at fisken som ein tek ut skal vera tilfeldig valt frå heile fangsten, men når det gjeld NVG sild er det viktigare at den blir teken ut i starten av pumpinga (eller den som har lagt kortast tid i trålposen). Prøven kan godt vera den same som sortimentsprøva ein tek til Sildesalslaget.
- Vi ber altså om at denne prøven vert oppbevart inntil svar frå «lotteriet» blir motteke (sjå neste punkt). Dersom det går meir enn 1 time før svar vert motteke kan prøven kasserast.

Fangstdagbok

- Vi forutset at avgangsmelding er sendt som vanleg og at fartøyet er bedt om å delta på prøvetakingsprogram på inneverande tur. Tilbakemelding på dette får ein via fangstdagboka.
- Start fangst (hal) og slutt fangst (hal) blir registrert på vanleg måte i fangstdagboka. Det som startar «lotteriet» er at slutt fangst vert registrert og at art (inkludert kode for NVG sild eller Nordsjøsild) og kvantum vert registrert i dagboka. Når dette er registrert går ein automatisk melding til HI sitt «fangstprøvelotteri» og svar vert sendt tilbake til fangstdagboka med ein gong.
 - Svaret er enten JA ... eller NEI ...
- Det er viktig å merka seg at denne nye meldinga (HIF) som går til Havforskningsinstituttet er førebels. Eventuell korrigering av fangstkvanter til den offisielle fangstmeldinga (DCA) som vert sendt før midnatt kan gjerast i ettertid.

Pakking, emballasje og merking:

- Dersom svar frå HI på «lotteriet» er JA ynskjer vi at prøven som vart teken vert pakka, merka, frosen og levert til landanlegg ved passande høve.
- Når det gjeld pakking, så kan ein bruka den emballasjen ein har som er eigna til dette. Vi har sendt ut ein del kartongar merka spesielt for dette føremålet, men det går fint å bruka vanlege 20-25 kg kassar som industrien brukar. For brisling, øyepål, tobis og lodde kan ein bruke fryseposar og samle fleire prøvar i ein kasse, men husk at kvar prøve må merkast individuelt.
- Det er veldig viktig at prøven blir merka godt, med ein eintydig referanse til fangstdagboka som vist i vedlagt etikett. Dette kan gjerast med vannfast tusj direkte på kortenden til kassen. Dersom det blir pakka fleire prøvar i plastposar og lagt i ein kasse må det leggest etikett i kvar pose. Etikettane finst også på www.hi.no/fangstprover for nedlasting.
- Legg prøva i frysaren til den vert levert til eit norsk landanlegg. For mindre fartøy som ikkje har plass til frysing, vil prøven ofte kunne lagrast fersk. Dette gjeld i vinterhalvåret, og dersom det er kort tid til levering på landanlegg eller til føringsbåt med frysekapasitet.

Levering til landanlegg:

- Mottaksanlegga vil ta imot disse fangstprøvene og oppbevare dei på frys for seinare vidareending til HI. Prøva skal ikkje leverast til utanlandske mottak, men takast med vidare til neste lossing på eit norsk mottaksanlegg.

| | |
|---|-------|
| Fangstprøve til Havforskningsinstituttet | |
| Fartøynavn: | _____ |
| Fiskeart: | _____ |
| Fangstdato: | _____ |
| Referansenummer, elektronisk fangstdagbok Radiokallesignal / RN / SQ | |
| _____/_____/_____ | |
| (Eks: LABC / 123 / 12) | |